

Papir i kunstnarleg utfalding

Med papir som utgangspunkt, og som tittel på førestellinga, er det snart tid for urframføring og premiere på Stord kulturhus

I om lag eit år har kunstnar Jørund Fjøsne, komponist Knut Vaage, koreograf Magdalena From Delis, og kulturskulane på Stord, Bømlo, og Kvinnherad, samarbeidd om prosjektførestellinga «Papir», der Fjøsne sjølv står bak idé og regi.

– Kva type førestelling er egentleg «Papir»?

– «Papir», er ei tverrkunstnarleg og spanande førestelling i grenselandet mellom scenekunst, skulptur og musikk, med skiftande fokus på desse tre elementa. Sjølve scenografien er laga av papir, med papirskulpturar i alle tenkjelege formasjonar og storleikar. Musikken byggjer på komponist Knut Vaage sin kraftfulle og vitale musikk, der delar av musikken vert urframført på førestellinga. Ni dansarar i alderen 13 - 19 år, handplukka frå dei ulike kulturskulane, vil røra seg inn i-, og rundt denne papirscenografien til musikken. Slik vert det heile sett i rørsle, fortel Fjøsne, og viser til papirproppellar, papirboksar, papirband, kloring på papir, avis-



Nokre av kulisse-elementa i verkstaden til Jørund Fjøsne.

knitring, og papirspå, i store volum.

– Det er kan hende litt vilt, men det er gjort med alvor, kommenterer Fjøsne.

«The elephant man»

Sjølve ideen fekk han for mange år sidan, etter å ha sett sluttscena i filmen «The elephant man».

– Filmen sluttar frå hovudpersonen sin synsvinkel, der flagrande papirbitar vert omgjort til ekte snø som kjem dalande. Personen er blitt gal, og verkelegheita sluttar, fortel Fjøsne. Filmen såg han for mange, mange år sidan, men for tre år sidan, presenterte han ideen for komponist Knut Vaage.



Ei mektig sanseleg oppleving både for øyre og syn

Jørund Fjøsne

– Han likte det, og vart med. Etter ei tid vart også BIT20, eit av Nordens fremste musikkensemble med, og så var det heile i gang.

Etter dette, utvida prosjektet seg til pedagogiske avlegjarar i form av komposisjonskurs og arbeid med papir i kulturskulane, med utgangspunkt i Vaage sin musikk. Som ein del av førestellinga vil det difor også vera eit lite konsertinnslag frå den lokale kulturskulen der framsyninga vert halden.

Rundt oss kvar dag

Sjølve førestellinga er delt opp i tre ulike musikkstykker. «Nokon», «Jugband rag», og «Moment», som kvar har ulik tematikk.

–»Nokon» handlar om samspelt mellom menneske, mellommenneskelege forhold. Musikkstykke nummer to, handlar meir om dynamikk, det å streba etter dynamikk, medan det tredje stykket, «Moment» handlar om fysisk oppbygging. Det å byg-



Jørund Fjøsne har hatt ideen og har laga scenografien til førestellinga, medan komponisten Knut Vaage frå Kvinnherad står for musikken og Magdalena From Delis har koreografert «Papir».

gja opp, riva ned, og byggja opp att, fortel kunstnaren.

– Kvifor nett papir?

– Papir er eit flott element å knytt til klassisk musikk, synest eg. Dessutan er papir

eit tradisjonsrikt materiale me har hatt knytt til oss i fleire 1000 år. Det er rundt oss kvar dag. Som materiale kler det dessutan instrumenta. Den måten eg opplever at klassisk

musikk svevar rundt i rommet, nett slik svevar også papiret dersom du slepp det laus i lufta, fortel kunstnaren Fjøsne.

– Kva ønskjer du at publi-

Russen inntek bedehuset

Russen ved Lundeneset vidaregåande skule skal delta på møte i Leirvik bedehus søndag.

Russen ved Lundeneset vgs. i Ølen er for tida på russeturné, og søndag er turen komen til Stord og Leirvik bedehus.

– Ein av elevane skal fortelje litt frå turen til Etiopia og Tabor, ein skule i Etiopia, som er misjonsprosjektet til russen på Lundeneset i år. Det vil også bli song frå russekoret på møtet. Me håpar mange vil møta opp denne søndagsettermiddagen og ønskjer folk i alle aldrar velkommen, seier Thomas Brandsæter Brandt.

Russestyret ved Lundeneset vgs.: Framme frå venstre: Kristin Ekberg, Bømlo, Anbjørg Naterstad, Rosendal, Ellinor Lilleheim, Rennesøy og Anne Thorsen, Stavanger. Bak frå venstre: Ingeborg Rønning, Rissa, Erlend Vastveit, Fogn, Per Morten Jørgensen, Vassøy, Sigbjørn Dale, Stord og Jonas R. Vastveit, Fogn.





kum skal oppleve i høve førestellinga?

– Eg håper at publikum skal sitja att med ei ny oppleving, med ei stor breidde av kraftige kjensler. Ei mektig sanseleg

oppleving både for øyre og syn, sluttar Fjøsne.

SIGNE KRISTIN HOVLAND
signe.kristin@sunnhordland.no

Frå DNS til Barbar

KONSERT: Sigurd Sele er attende på stamplassen Barbar. I fjor haust var Sele oppteken som hovudrolleinnehavar i Les Miserables på Den Norske Scene i Bergen. Etter ein velfortent ferie er 32-åringen klar att med gitaren og spelar på Barbar

fredag og laurdag kveld. – Bømlingen har spelt for fulle hus her før, men har den siste tida vore meir og meir oppteken med musikalar. Me er sjølvstg glad for å få han attende for ei helg, seier Lasse Engevik ved Barbar.



Språket vårt

ved Kari Lønning Aarø

karaar@hfk.no



Arne P har nokre gamle ord han vil vita meir om:

Pitteså er eit kjent uttrykk på Bømlø. Det er truleg ei forkorting for *pitte så lite*, som tyder «endå mindre enn lite». Adverbet *pitte* vert brukt for å forsterka orda *liten/lite/litt* og *små*.

Ein stordabu og ein bømling er i kaffibesøk. «Vil de ha ein liten skvett til?» spør vertinna. «Ja, takk, pitte-litt», svarar stordabuen. Sidemannen held fram koppen sin: «Ja, takk, pitteså, då».

Pitte er det same som *bitte*, og det er ikkje så underleg, for *p* og *b* er same lyden, berre at den eine er stemd og den andre ustemd:

Ein *bitte* liten gut og nokre *pitte* små jenter pitla *bittekonvall* i skogen.

Ordet *bitte/pitte* er i slekt med verbet *bita* og substantivet *bete*, norr. *biti*, «noko lite, ein del av noko».

Snåpen/snåpe, norr. *snåpr*, har i Sunnhordland oftast vore brukt i tydinga «vakker, nett, søt»: «For ei snåpen kåpa! Ho va forresten snåpen jento, òg!» Snåpen er også eit synonym for «lettvind, rask, svinten, snar i snuen, snedden».

Når ein seier at ein er **vel belåten**, då er ein på våre kantar «god og mett». Andre stader blir vendinga brukt både om det å vera mett, og om å vera glad og nøgd reint generelt. Mykje tyder på at *vel belåten* kjem frå nabolandet Sverige der uttrykket er vanleg.

Truleg er det same ordet me har i partisippforma *låtinn* av det norrøne verbet *lata*, «låta».

Du kan *låta* både vel og ille, og du kan få *vellæte* for noko. Suffikset – *låten* finn me att i ordet *smålåten*, og i bokmålsordet *søtlåten*.

Eit **lyte**, norr. *ly'ti*, tyder «feil, last, mangel» og er ei avleiing til *ljót*, «stygg». Me finn ordet i uttrykk som *utan plett* og *lyte*, *lytefri* og *lytelaus*. Verbet *luta*, bøya seg, er ein språkleg slektning.

Arne P presenterer ordet med fylgjande setning: *Det er ikkje noko lyte å vera lik han*.

Trass i den nektande forma kjem bodskapen klart fram: *Det er bra å likna på han*.

Denne uttrykksmåten kallar engelskmennene understatement, underdriving (litotes).

«Det var ikkje verst», seier me og meiner «Det var flott». Slike vendingar er vanlege i Nordsjø-området, og er m.a. sterkt representerte i dei islandske ættesogene.

På Stord er personnemninga **håling** eit positivt ord som blir brukt om ein du set pris på. Hålingen er grei, kjekk og sjarmerande: «Gå, kor håle han e!».

På Bømlø og Tysnes er same mannen flink: «Han va ein håling te å symja og ro».

Men det norrøne ordet *háll*, «glatt, sleip, slø», opnar for andre vurderingar.

Det er ikkje langt frå å vera glatt og fin til å bli sleip og farleg, og mange stader karakteriserer ordet nettopp ein slik type. Anar me ein Don Juan bakom hålingen?

Ordet *hålike* er laga til *hål* og tyder ei *glatte*: «Har du våga deg ut på hålkjen/glatto no? Da e forferdelig hålt neri hadlo».

Når ein kjole er **sulkesam**, er han lys og tander og blir lett skiten og flekkete. Å *sulka* (til) noko er det same som å skitna det til. Ordet er i slekt med verbet å *søla* som tyder om lag det same.